

Krøllede tellekanter

TORS DAG, 22. OKTOBER 2015 - 12:14

[0 \(/debatt/krollete-tellekanter#disqus_thread\)](#)

STEINAR VAGSTAD

Professor og lokallagsleiar for Forskerforbundet



Finansiering. Dei som har koka i hop denne metoden har nok hatt dei beste intensjonar, men resultatet framstår som svært lite gjennomtenkt.

I siste nummer av Forskerforum lurer [redaktør Kjetil Brottveit på kva eg meiner om universitet- og høgskolefinansiering](http://www.forskerforum.no/wip4/gjer-doera-hoeg/d.epl?id=2558642) (<http://www.forskerforum.no/wip4/gjer-doera-hoeg/d.epl?id=2558642>). Eg har gitt eit par intervju siste veka, det eine til [Forskerforum](http://www.forskerforum.no/wip4/-uheldig-sammensausing/d.epl?id=2558604) (<http://www.forskerforum.no/wip4/-uheldig-sammensausing/d.epl?id=2558604>), og der kjem litt av det eg meiner om finansiering fram, men med journalisten si vinkling. Dette intervjuet har så blitt brukt til å stille kunnskapsministeren til veggs. Eg føler eit behov for å klargjere kor hen eg står i denne saka.

Dette kan ha interesse for lesarar av Forskerforum av to grunnar. For det første er eg i denne samanhengen ein fagperson og har fagleg funderte synspunkt på finansiering. For det andre er eg kandidat til nytt hovudstyre i Forskerforbundet, og eg er heilt einig med Brottveit i at delegatane på representantskapsmøtet i neste veke bør vite kva styrekandidatane står for i viktige saker. UH-finansiering er ei slik viktig sak.

Til meiningane først:

1. Eg er tilhengjar av dagens finansieringsmodell for universitet- og høgskolesektoren (UH), og meiner den har langt fleire positive enn negative trekk.
2. Eg er også i hovudsak positiv til det regjeringsoppnemnde ekspertutvalets forslag til reformer av finansieringsmodellen – ikkje minst fordi forslaget i stor grad vidarefører dagens modell.
3. Eg vil karakterisere regjeringas forslag til ny modell som ei slags blanding av gammal modell og ekspertutvalgets forslag, med eit par unntak som eg vil kommentere nedanfor. Eg er av denne grunn hovudsakleg positiv til regjeringas forslag også. Viss det ser annleis ut for den som les intervjuet, må ein hugse på at eit intervju er kjekkare å lage (og å lese?) viss fokus er på det ein er kritisk til, ikkje det ein er positiv til. Det er i alle fall det kommunikasjonsavdelinga ved UiB bruker å fortelle oss: media ønskjer konflikhtar, einigheit er kjedeleg.
4. Blant det eg liker best med regjeringas forslag er at dei har valt å følgje ekspertutvalget i ikkje å røre inntektsfordelinga mellom institusjonar (å la basis «vere i fred») i denne omgangen. Denne meininga kan godt vere påverka av at eg jobbar ved eitt av dei «gamle» universiteta, som har følt

seg trua av argumentasjonen frå «dei nye universiteta» og enkelte av høgskolane. Men det viktigaste for meg er ikkje kva som er bra for UiB, men kva som vil gagne norsk forskning og utdanning samla sett. Eg er einig med ekspertutvalget i at å ta frå dei gamle universiteta for å styrke dei nye neppe vil bidra til å styrke kvalitet i forskning og utdanning.

5. Eg er sjølv sagt ikkje like begeistra for alt som blir føreslått. Det eg ser som dei to største problema med regjeringas forslag er i) manglande justering av basis for å unngå utilsikta fordelingsvirkningar når ein endrar på satsane for den resultatorienterte belønninga (manglande rekalkibrering), og ii) den nye metoden for å rekne ut publiseringspoeng. Derfor har eg fokusert på dette når eg er blitt spurt, og eg vil bruke resten av innlegget på å utdjupe min kritikk.

Først om rekalkibrering. Då dagens finansieringsordning blei innført i 2002 gjekk ein frå ein situasjon der «alt var basis» til å belønne ei rekkje resultatindikatorar. Men institusjonane fekk ikkje meir pengar: for kvar institusjon blei basis justert slik at ny basis pluss belønning var lik den gamle basis i innføringsåret. Denne metoden er det som blir kalla rekalkibrering av basis. Det er ingen stor operasjon, og gjer det mogleg å gjere noko med insentiva utan å påverke ressursfordelinga mellom institusjonane på kort sikt. På lengre sikt vil ressursstraumen til den enkelte institusjon kunne bli påverka av dei nye insentiva, sidan det resultatet som blir belønna endrar seg. Ein må ikkje la seg lure til å tru at rekalkibreringa betyr at nye insentiv er utan betydning!

Korleis går det an å vere for at basis skal fredast på dagens nivå og samstundes vere veldig for at basis må rekalkibrerast? Det er ein konsekvens av at eg meiner at eventuell omfordeling mellom institusjonar må vere tilsikta og grunngitt (som alternativ til utilsikta og grunnlaus). Rekalkibrering sikrar at den tilfeldige omfordelinga som følgjer av endring i belønningsindikatorar og -satsar blir nøyaktig motvirka ved justering av basis. Slik unngår ein at presumptivt fornuftige endringar i insentiv ikkje blir stoppa av at regjeringa ikkje liker fordelingsvirkningane (slik regjeringa har argumentert for å legge bort ekspertutvalgets forslag om reduksjon frå 6 til 4 utdanningskategoriar), og ein unngår at dårleg begrunna insentiv blir innført fordi regjeringa liker fordelingsvirkningane. Den nye publiseringssbelønninga kan vere eit eksempel på dette, sjølv om det dreier seg om fordeling mellom fag, ikkje institusjonar. Rekalkibrering inneber at ein kan gå for ordningar som gjev gode insentiv utan å bekymre seg for fordelingsvirkningane. Dette utelukkar ikkje at ein kan endre på ressursfordelinga, men viss ein ønskjer dette må ein grunngje dette separat, uavhengig av belønningssatsane.

Regjeringas forslag er absurd og moro på ein gong!

Så til den nye metoden for å rekne ut publikasjonspoeng. Det er ein morsom metode, eg må innrømme såpass. Men veldig gjennomtenkt ser den ikkje ut til å vere.

Bakgrunnen for ny utrekning er at med dagens poengberegning varierer «produktiviteten» (publiseringspoeng per ansatt) sterkt mellom ulike fagområde, noko som har fått mellom anna ekspertutvalet, Universitets- og høgskolerådets publiseringsutval og no Kunnskapsdepartementet til å slå fast at dagens metode ikkje er «fagnøytral». Simuleringar viser at ein kan få jamnare målt produktivitet viss ein vektar opp sampublisering, og det er det som ligg bak når regjeringa påstår at forslaget vil gje ein meir fagnøytral publiseringssindikator.

Det er to problem med dette forsøket på å utjamne skilnadene og skape «fagnøytralitet» på. Grunnproblemet er at ein i utgangspunktet bestemte seg for ein «felles valuta» i form av lik verdi av ein artikkel/antologi/monografi på tvers av fag, uavhengig av det som måtte vere av kvalitetsmessige skilnader mellom fag. Publiseringssindikatoren er slik skrudd saman at 20 prosent av fagets publikasjonar skal vere på nivå 2. Viss det over tid ikkje er tilfelle, skal grensene mellom nivå 1 og 2 justerast slik at 20 prosent blir på nivå 2.

Det er sjølv sagt vanskeleg å samanlikne kvaliteten på artiklar i f.eks. molekylærbiologi og litteraturvitenskap. Det ein kan gjere er å samanlikne ressursinnsatsen (kostnadene) som ligg bak. Høg produktivitet i eit fag (målt ved dagens publiseringspoeng) vil då vere ein indikasjon på at faget produserer «billege poeng» – publikasjonar som ligg lite ressursinnsats bak og som i den forstand er av låg kvalitet. Viss ein er klar over dette fenomenet er det vel grenser for kor stort problem det er at litteraturvitarar framstår som meir produktive enn kreftforskarar.

Det andre problemet er av praktisk art. Ekspertutvalgets forslag (belønning av all sampublisering i form av den såkalla kvadratrotformelen) vil utvilsomt bidra til å jamne ut skilnadene mellom fag, men det vil bidra til andre raritetar i staden. Innanfor eit fag er publisering av ein artikkel avhengig av kvaliteten på artikkelen, ikkje på talet på forfattarar som står bak. Oppvekting av medforfattarskap betyr at prosessen kan bli viktigare enn resultatet: ein nivå 1-artikkel kan dra inn fleire poeng enn ein på nivå 2 med rett samansetning av forfattarar. Det var vel ikkje meininga?

Regjeringas forslag er endå verre, ved at belønninga (og dermed departementets implisitte verdsetting av kvalitet) ikkje berre er avhengig av talet på forfattarar, men kor dei høyrer til, på ein intrikat og uoversiktleg måte. Sampublisering har i følge regjeringa verdi berre viss forfattarane tilhøyrer ulike institusjonar, spesielt viktig er det å få med ein forfattar med tilknyting til ein utanlandsk institusjon. Og viss ein forfattar gjev opp tilknyting til to institusjonar skal dette teljast som to unike forfattarar. Her kan ein altså vere sin eigen utanlandske medforfattar :-)

Det med at medforfattarskap berre har verdi viss forfattarane tilhøyrer ulike institusjonar kan jo få litt rare utslag no i desse fusjonstider. Viss ein forskar ved NTNU skriv ein artikkel på nivå 1 i lag med ein kollega frå HiG, ein ved HiST og ein ved HiÅ, vil dette bli belønna med 2 poeng før fusjon mot berre eitt poeng etter. Eg vil anbefale lesarane å eksperimentere med ulike konstellasjonar av medforfattarskap og institusjonstilknyting for å sjå korleis regjeringas forslag slår ut – det er absurd og moro på ein gong! Dei som har koka i hop denne metoden har nok hatt dei beste intensjonar, men resultatet framstår som svært lite gjennomtenkt.

Oppsummert så er min påstand at dette forsøket på å rette opp det eg vil kalle lite viktige skilnader mellom fag (så lenge ein er klar over kva ein måler og ikkje måler med dagens publiseringssindikator), så skaper ein langt alvorlegare skilnader innanfor kvart fag. Viss nokon synest at manglande fagnøytralitet er eit viktig økonomisk problem føreslår eg kort og godt å redusere belønningssatsane.

Steinar Vagstad er professor i samfunnsøkonomi, og lokallagsleiar og hovudstillitsvald for Forskerforbundet ved Universitetet i Bergen.

Artikkelen er først publisert hos [Forskerforum](http://www.forskerforum.no/wip4/vurdering-av-regjeringas-forslag-til-ny/d.epl?id=2558643) (<http://www.forskerforum.no/wip4/vurdering-av-regjeringas-forslag-til-ny/d.epl?id=2558643>).

1

0 Kommentarer Khrono

 Logg inn ▾

 Anbefal  Del

Nyeste først ▾



Start diskusjonen...

Vær den første til å kommentere.

OGSÅ PÅ KHRONO

HVA ER DETTE?

HiOAs manglende engasjement vedrørende PhD-studentene

8 kommentarer • for 8 dager siden



Joron Pihl — Stipendiat Merethe Skårås og professor Anders Breidlid kritiserer infrastrukturen ved HiOA som skal ...

Rice vil ha to nye direktører

5 kommentarer • for 3 dager siden



Bjørn Smestad — Jeg håper jo at noen av tilhengerne av rektors forslag også melder seg på i denne diskusjonen, slik at vi kan få ...

Dilemmaer ved å skape et profesjonsuniversitet

6 kommentarer • for 7 dager siden



Helge Hoivik — Til konklusjonen over: Ja. Slik har det stått i 10 år. Det er virkelig mye, - omfattende, dyptgripende og utfordrende. ...

Vi må tørre å prioritere

Én kommentar • for 3 dager siden



Rune Nilsen — Dag Rune Olsen har helt rett i at det må prioriteres og at en må satse på kvalitet. Det gjelder både de "gamle" universitetene ...

 Abonnér

 Legg Disqus til på din nettside

 Personvern